Sikrare trafikk også i Uskedalen

25.06.2011

Gang- og sykkelveg vidare mot Herøysund er eit prioritert ønskjemål

Det er no 10 år sidan den siste trafikksikringsplan for Kvinnherad var fullført og no er arbeidet med ein ny igang. Kommunen ønskjer forslag til nye tiltak og alle er velkomne til å seia si meining. Det kan til dømes skje ved at ein går vegen via kommunen si heimeside.

i Uskedalen er ein vidareføring av gang- og sykkelvegen
til dømes frå brua til Eidsvik
særleg aktuelll, skal ein dømma etter ytringar som kom under møtet
for stutt sidan og som var ein førebuing til valet i haust.
Eit anna ønskjeleg tiltak er utviding av parkeringsplassen ved skulen.

Avdelingsingeniør Ivar Kåre Døssland oppmodar ikkje minst dei unge til å gje sitt
besyv med i laget. Dei vil registrera alle svar og nokre
forslag vil bli med i planen. Tiltaka behøver ikkje
å vera dyre oig store og som døme på eitt billeg trafikksikringstiltak med
stor effekt kan nemnast stoppskiltet ved Hellandsbrua på Husnes.

Mange av tiltaka i den gamle planen er gjennomførde og det er også
tiltak som ikkje låg i planen. Mykje er skjedd sidan sist, til dømes har
det kome tunellar både under Folgefonna og til Halsnøy og begge har påverka
køyremønsteret, påpeikar Døssland for Kvinnheringen.